



**Saksprotokoll**

**Organ:** **Hovudutval for opplæring**

**Møtedato:** 29.03.2017

**Sak nr.:** 17/1030-4  
**Internt l.nr.** 13177/17

**Sak:** 3/17

**Tittel:** **Skriv og meldingar HO 29.03.2017**

**Behandling:**

- 1: Ridehall - Mo og Øyrane vidaregåande skule
- 2: Tilbod om meir grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege
- 3: Skolepolitisk seminar med kunnskapsministeren 12. juni

**Endringsframlegg:**

**Arbeiderpartiet og Senterpartiet** kom med følgjande framlegg til vedtak:

Hovudutval for opplæring viser til notat frå fylkesrådmann til hovudutval for opplæring datert 15.3.2017.

Notatet viser 3 alternativ for mogeleg realisering av ridehall ved Mo og Øyrane vgs. Landbruksnæringa og næringsaktivitet med utspring i og frå landbruket er svært viktig for Sogn og Fjordane. Mo og Øyrane vgs har som utdanningsarena for naturbruk ei viktig rolle for rekruttering til desse næringane.

Hovudutvalet meiner realisering av ein ridehall ved skulen vil sikre breidde og mangfold, og gje eit styrka utdanningstilbod ved skulen, og ynskjer med det at ein ridehall ved skulen vert realisert. Hovudutvalet er samd med fylkesrådmann sin konklusjon om at dersom ein ridehall ved skulen skal realiserast, er alternativ A komplett utbygging det beste alternativet.

Hovudutval for opplæring oversender difor notatet frå fylkesrådmann til finansutvalet, og ber om at det vert teke opp til vurdering i budsjett / økonomiplanhandsaminga.

**Avrøyting:**

Endringsframlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

- 1: Ridehall - Mo og Øyrane vidaregåande skule

**VEDTAK:**

Hovudutval for opplæring viser til notat frå fylkesrådmann til hovudutval for opplæring datert 15.3.2017.

Notatet viser 3 alternativ for mogeleg realisering av ridehall ved Mo og Øyrane vgs.  
Landbruksnæringa og næringsaktivitet med utspring i og frå landbruket er svært viktig for Sogn og Fjordane. Mo og Øyrane vgs har som utdanningsarena for naturbruk ei viktig rolle for rekruttering til desse næringane.

Hovudutvalet meiner realisering av ein ridehall ved skulen vil sikre breidde og mangfold, og gje eit styrka utdanningstilbod ved skulen, og ynskjer med det at ein ridehall ved skulen vert realisert.

Hovudutvalet er samd med fylkesrådmann sin konklusjon om at dersom ein ridehall ved skulen skal realiserast, er alternativ A komplett utbygging det beste alternativet.

Hovudutval for opplæring oversender difor notatet frå fylkesrådmann til finansutvalet, og ber om at det vert teke opp til vurdering i budsjett / økonomiplanhandsaminga.

- 2: Tilbod om meir grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege
- 3: Skolepolitisk seminar med kunnskapsministeren 12. juni